

Kviteseid misjonskyrkje 2017

2017 var året då vi offisielt endra namn frå Kviteseid misjonsmenighet til Kviteseid misjonskyrkje etter vedtak på årsmøtet i februar. I samband med det fikk vi nye logoar som no skal vere tatt i bruk dei fleste plassar der vi bruker logoar. Til dagleg og mellom oss er det likevel Betel som er namnet som blir brukt om kyrkja vår.

I 2017 har styret bestått av fem personar: Mari Songe, Sigrun Lønning Solvang, Øystein Kvamme, Sigrid T. Lofstad og Oddvar Hægeland. Vara har vore Anders Songe og Tone Fosse. Det har blitt halde seks styremøte med til saman 29 saker. Alle referat blir lagt ut på nettsidene slik at dei som vil, kan følgje med på kva styret held på med.

Arbeidet i kyrkja har halde eit normalt nivå dette året. Sundagstreffa er kyrkjens hovudmøte, og det var 14 slike møte i 2017. Sundagstreffa har hatt eit variert opplegg, og det har vore eit godt mangfald blant dei som har halde barneandakt og hovudtale. Fokuset er likevel grundig trusopplæring i eit fast og kjent opplegg. På to av treffa var det nattverd, noko som kvar gong er eit høgdepunkt. Oppmøtet på sundagstreffa har variert, men har som regel ligge over 30 personar. Kollekten har gått til Jakobs Hus. I samband med sundagstreffet i starten av desember hadde Tone og Nils Fosse skrive eit flott julespel som mange av barna deltok i og også hadde øvd på i samband med ein adventsverkstad ein laurdag i november. Elles var ein av haustens spesielle opplevingar då Johan Hammerich på eit sundagstreff i november hadde fått ein bodskap som han også hadde skrive ned til oss. Det var veldig tankevekkande og inspirerande.

Dei fleste onsdagane utanom feriane har det også vore bønemøte kl. 2030. Desse har eit stort vekstpotensial! Vi trur mange fleire kunne hatt både glede og nytte av dei.

Av andre møte var det bibelundervising med Amund Rannestad i januar, årsmøte og lovsongskveld med lovsongsbandet i februar, påskefrukostmøte i april, sommaravslutning oppe på Heggveit i juni, menighetsmøte i oktober med temaet Riv i hjertet/Større enn oss selv og julemøte med Gunstein Draugedalen i desember. I tillegg deltok vi på felles familiemøte på Misjonshuset i januar, fellesmøta med Egil Svartdahl i kyrkja i april, jubileumskonsert med Kviteseid Soul Children i kyrkja og Godhetsveka i mai, songmøte med Hilde Svela og Fredheimkoret i kyrkja i september, adventskonserten i kyrkja og joletreffesten på Sundvang i desember.

Samarbeidet med Fredheim om fredagsklubben har halde fram også dette året. Der møter det fram 50-60 ungdommar kvar gong. Vi har framleis grunn til å gle oss over alt det gode samarbeidet som finst i bygda når det gjeld det kristelege arbeidet.

Den årlege innsamlinga av klede i samband med Agder/Telemarkaksjonen blei gjennomført i juni.

Eitt medlem gikk bort i fjor. Det var Hjørdis Haugen frå Bandaksli.

Av praktiske ting fikk vi installert høgtalar nede i kjellaren slik at det går an å følgje med på møta når ein er der. På utsida blei det montert eit nytt leikestativ.

Styret vil også i denne årsmeldinga takke alle som har bidratt med smått og stort i 2017. Vi står i eit meningsfullt fellesskap og har framleis som mål at i Kviteseid misjonskyrkje skal det vere plass for alle.